


# Årsrapport 2004

## Hardangervidda Fjelloppsyn



## **Forord**

Med denne årsrapporten ynskjer ein å gi ei kortfatta oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2004.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet.

Geilo, februar 2005

Sigurd Gudmundsen /s/  
Styreleiar

Georg Gjøstein  
Dagleg leiar

<b>1. UTFØRT ARBEID.....</b>	<b>4</b>
1.1 OPPSYNSARBEID .....	4
1.2 SEKRETÆRFUNKSJONAR.....	5
1.3 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	5
1.4 FELTARBEID FOR FORSKNINGSINSTITUSJONAR.....	6
<i>Villrein</i> .....	6
<i>Fjellrev</i> .....	6
<i>Vatnkvalitet</i> .....	6
<i>Beitestudie</i> .....	6
1.5 OMFANGET AV ARBEIDET.....	7
<b>2. ORGANISASJONEN.....</b>	<b>7</b>
2.1 STYRET .....	7
2.2 PERSONALET.....	7

# 1. Utført arbeid

## 1.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå *Fjellstyra på Hardangervidda* og *Statens naturoppsyn*.

For fjellstyra på Hardangervidda er det utført kontrollar av fiskerar og småviltjegerar samt helde tilsyn med vernereglane for Nasjonalparken og det øvrige miljøoverket i statsallmenningane.

For Statens naturoppsyn har ein handheva miljølovverket i Hardangervidda Villreinområde. Ein har også utført oppsyn i 23 verneområder utanfor Hardangervidda. Tilsyn med motorferdsel er utført både i sommar- og vintersesongen. På oppdrag for Statens naturoppsyn deltok fjelloppsynet med personell til villreinjaktoppsynet i villreinområda Brattefjell/Vindeggen, Setesdal Austhei, Setesdal Vesthei, Norefjell/Reinsjøfjell, Blefjell og Nordfjella. Det er utført oppsyn med gaupefangst og elgjakt i Buskerud.

## Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 264 personar av oppsynspersonell tilsett i Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 1). Det er gjeve 8 advarslar og føreteke 1 anmeldelsar (tabell 2).

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte	
	2004	2003
Motorferdsel sommar og vinter	101	80
Småviltjegerar	49	29
Storviltjegerar elgjakt /villreinjakt	16/61	12/56
Fiskerar	37	48
<b>SUM</b>	<b>264</b>	<b>225</b>

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar		Antall anmeldelsar	
	2004	2003	2004	2003
Motorferdsel, sommar og vinter		1		2
Småviltjegerar	2			
Storviltjegerar	2			1
Fiskerar	1	2	1	1
Bandtvang	3	3		
<b>SUM</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>1</b>	<b>4</b>

## Informasjon

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **559 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske.

## 1.2 Sekretæriat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeidet for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for *Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda*.

## 1.3 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

### Arbeid utført for fjellstyra

- nybygg / vedlikehald av hytter
- brannverntiltak
- transport av ved /propan og anna utstyr til hytter
- renovasjon
- prøvefiske, analyse av skjellprøver m.m.
- fiskeutsettingar, ørekytekontroll og anna fiskekultivering



Fjelloppsynet forsyner fjellstyrehyttene med brensel. Foto: Hans- Jørgen Jahren

### Arbeid utført for Statens naturoppsyn

- Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7 – radioteleometri
- Spring etter jerv
- Registrering av fjellrevhi
- Skjøtselsarbeid i Hardangervidda Nasjonalpark
- Skjøtsel i 23 verneområder utanfor Hardangervidda Nasjonalpark
- Rydding av søppel og skarp i Hardangervidda nasjonalparken
- Tilsyn ved restaurering av hesteslepe og bygningsarbeid på Halnedammen

Arbeidet som er utført for *Fjellstyra* og *Statens naturoppsyn* er gjort nærare greie for i egne rapportar.

## 1.4 Feltarbeid for forvaltnings- og forskningsinstitusjonar

### **Villrein**

Fjellopsynet deltok med mannskap under strukturtelling av villrein på oppdrag frå *Villreinutvalet*

### **Fjellrev**

Fjellopsynet har utført feltmessige registreringar av fjellrev på oppdrag frå *NINA*.

### **Vatnkvalitet**

Fjellopsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt priikkaure”, på oppdrag frå *Universitetet i Bergen*.

### **Beitestudie**

Fjellopsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie på oppdrag frå *Universitetet i Oslo*.



Villrein på Saurflott under strukturtellinga hausten 2004. Foto: Georg Gjøstein

## 1.5 Omfanget av arbeidet

Det er utført 7524,5 timeverk (4,2 årsverk), i 2004 (Tabell 3). Av dette er 6396,5 timar utført for 15 eksterne oppdragsgjevarar.

Tabell 3. Arbeid utført av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2004

Oppdragsgjevar	Type arbeid	Timar
Ulvik fjellstyre	Oppsyn, vedlikehald av hytter, transport, tilsyn, sekretæriat	378
Ullensvang fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter og sekretæriat	536,5
Odda fjellstyre	Oppsyn, tilsyn med hytter	206
Fellesfjellstyret for Ullensvang statsallmenning	Oppsyn, prøvefiske og sekretæriat	
Røldal fjellstyre	Oppsyn, tilsyn og renovasjon	195
Eidfjord fjellstyre	Oppsyn, transport, fiskekultivering og vedlikehald av hytter	317
Rauland fjellstyre	Oppsyn, sekretæriat	135
Øvre Numedal fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretæriat	970
SfH	Sekretæriat	239,5
Hol fjellstyre	Transport	4
Statens naturoppsyn	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid	3218
NINA-NIKU	Fjellrevprosjekt	23,5
Universitetet i Bergen	Prikkaureprosjekt	39,5
Universitetet i Oslo	Beitestudie	50
Hardangervidda Villreinutval	Strukturtelling	30,5
Anna arbeidstid	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, rapportering, tillitmannsarbeid m.m.	1182
<b>SUM</b>		<b>7524,5</b>

## 2. Organisasjonen

### 2.1 Styret

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene Liv I. Myklatun og Steinar Langesæter. Styret har handsama 10 saker i 2004.

### 2.2 Personalet

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2004. Helge Bitustøyl har vore tillitsvald og verneombud. (Tabell 4.)

Tabell 4. Fast tilsette i 2004

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	83,3%
Kåre Hallingstad, Hol	87,5%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	66,7%
Irene Bjåen, Ulvik	50%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%

